

## 100 millionar kroner til inntektssvake kommunar

### Regjeringa foreslår å utvida skjønnsramma til inntektssvake kommunar i Sør-Noreg med 100 millionar kroner.

Skatteinntektene er i dag svært ujamnt fordelte mellom kommunane i landet. Eit av dei overordna måla med inntektssystemet er å jamna ut kommunane sine økonomiske føresetnader, slik at forholda vert lagt til rette for at alle kommunar kan tilby innbyggjarane sine likeverdige og gode tenester.

Regjeringa ser at nokre inntektssvake kommunar i Sør-Noreg er særleg sårbare og treng ekstra støtte. Regjeringa ynskjer difor å utvida skjønnsramma til desse kommunane med til saman 100 millionar kroner.

Tilskotet vert finansiert gjennom veksten i frie inntekter, og vert fordelt av fylkesmannen etter desse fastsette fylkesrammene:

---

*Fylkesvis fordeling av skjønnsstilskot til inntektssvake kommunar i Sør-Noreg, i millionar kroner*

---

Østfold	20	Aust-Agder	5
Akershus	2	Vest-Agder	5
Hedmark	12	Rogaland	4
Oppland	11	Hordaland	3
Buskerud	7	Møre og Romsdal	6
Vestfold	12	Sør-Trøndelag	4
Telemark	7	Nord-Trøndelag	2